



Statens vegvesen

Ard Arealplan
Nygårdagaten 114
5008 BERGEN

Behandlende enhet:
Region vest

Saksbehandler/telefon:
Sigmund Bødal / 55516146

Vår referanse:
15/216647-2

Deres referanse:

Vår dato:
03.11.2015

Svar – Nytt nabovarsel om mindre reguleringsendring av reguleringsplan for Manger torg

Vi viser til møte med Ard arealplan, Rema 1000 og Grieg arkitektur 26.08.15 og til brev i frå Dykk med nytt nabovarsel om mindre endring av reguleringsplan for Manger torg.

Ved møte hos Statens vegvesen 26.08.15 vart det semje om at det ikkje var formålsteneleg at alle gang og køyrevegar innanfor planområdet vert realisert før det vert gjeve bruksløyve/ferdigattest til B/F/K01-02. Vi seier oss soleis einige i endringane i rekkjefølgjekravet § 2.3.2

Det er noko usikkert kva tid ny rundkøyring vert ein realitet. Det vart difor semje om at fortau skulle førast fram mot arealet for rundkøyringa. Vi oppfattar at ny ordlyden i § 2.3.6 tek inn i seg dette.

All den tid at rundkøyringa ikkje vert realisert no vil det ikkje bli aktuelt å snevre inn kryss på motsatt side av Fv 409 slik det går fram av § 2.3.10. Det er forslag om å stryke 2.3.10. Dette er eit plangrep som kan fungere godt for reguleringsplanen for Manger torg. Statens vegvesen vurderer likevel at det er viktig at innhaldet i føresegna i gjeldande plan vert vidareført til det tidspunktet ein skal realisere rundkøyringa i Manger. Rundkøyringa er eit viktig moment i den framtidige infrastukuren i Manger, der omtalte kryss då må snevrast inn. Ordlyd på § 2.3.10 kan vere : Ved ferdigstilling av rundkøyring på Fv 409 i samsvar med reguleringsplan for Manger sentrum skal kryss ved Coopbygget innsnevrast mot Fv 409.

Plan og forvaltning, Bergen

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

Med hilsen

Odd Høydalsvik
sjefsingeniør

Bødal Sigmund
overingeniør

Kopi
Radøy kommune, Krossvegen 8, 5936 MANGER

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.